



NYE VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Fellesnemnd for nye Volda kommune
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset Smia
Dato: 21.06.2018
Tid: 11:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.



NYE VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 26/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 27/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 28/18	Valstyre - Nye Volda kommune
PS 29/18	Budsjettrevisjon/økonoirapport mai Nye Volda
PS 30/18	Felles digitaliseringsstrategi for kommunane på Søre Sunnmøre
PS 31/18	Orienteringssaker
OS 31/18	Orientering frå Temakomit� for kulturbygging
OS 32/18	Medlemskap i Landssamanslutninga for nynorskkommunar (LNK) Nye Volda kommune
OS 33/18	Digital kompetanse i kommunane - workshops hausten 2018

PS 26/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 27/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2018/1028
		Arkivkode:	014

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
28/18	Fellesnemnd for nye Volda kommune	21.06.2018

VALSTYRE - NYE VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:

Valstyret til Nye Volda kommune skal bestå av totalt 10 medlemmer.

Samansetjing av valstyret:

- *Som leiar i valstyret blir valt*
- *Som nestleiar i valstyret blir valt*
- *Som medlemmer i valstyret blir valt*
- *Som varamedlemmer i valstyret blir valt*

Valstyret får mynde til å oppnemne røystestyre.

Vedleggsliste:

[Forskrift om gjennomføring av valg til kommunestyre 2019, gjeldande frå 1.5.18](#)
[Valloven](#)
[Forskrift til valgloven](#)

Saksopplysningar/fakta:

Ved gjennomføring av val til kommunestyre i kommunar som er omfatta av grensendringar som trer i kraft frå 1. januar 2020, gjeld vallova og valforskrifta med dei unntak og presiseringa som følgjer av *Forskrift ved valg til kommunestyrer 2019*.

Forskrifta gir fellesnemnda for Nye Volda kommune mynde til å velje eit felles valstyre for Hornindal og Volda.

Bestemmelsane i vallova og valforskrifta om listeforslag, røysterett, manntall, om kven som er valbare, førehandsrøysting, røysting og klagerett, er gjeldande som om grenseendringane er gjennomført.

Valstyret er etter kommunelova eit fast utval, og reglane i kommunelova om val av nemnder gjeld. Det er ingen særskilte reglar om samansetjing, men dei generelle reglane om offentlege organ gjeld, det vil sei at begge kjønn skal vera representert og med minst 40 prosent dersom antal medlemmer er over tre. Det er vanleg å sørgja for brei politisk representasjon i valstyret.

Fellesnemnda kan gje valstyret mynde til å oppnemne røystestyre (§4 i Forskrift om gjennomføring av val til kommunestyre i 2019).

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at det blir valt valstyre for Nye Volda kommune, og viser til dei prinsippa som er lagt til grunn for intensjonsavtalen når det gjeld antal medlemmer i valstyret.

Rådmannen rår til at valstyret får mynde til å oppnemne røystestyre for dei ulike røystekrinsane.

Økonomiske konsekvensar:

Møtegodtgjersle og godtgjersle for tapt arbeidsforteneste til medlemene i valstyret vert utbetalt i samsvar med reglement for møtegodtgjersle for Nye Volda kommune.

Utskrift av endeleg vedtak:

Hornindal kommune v. valadministrasjonen

Volda kommune v. valadministrasjonen



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2018/210
		Arkivkode:	151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
29/18	Fellesnemnd for nye Volda kommune	21.06.2018

BUDSJETTREVISJON/ØKONOMIRAPPORT MAI NYE VOLDA

Administrasjonen si tilråding:

Økonomirapport mai for Nye Volda vert teke til vitande.

Fellesnemnda godkjenner at tiltaka det vert vist til i saksutgreinga vert godkjent og kan finansierast av løyvde prosjektmidlar

Vedleggsliste:

- Søknad om prosjektmidlar for utvikling av IKT, Kyrkjeleg fellesnemnd

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Nye Volda fekk i 2017 tilskot som skal nyttast inn mot ny kommune, til saman 25,5 mill kroner. Av desse vart 24,6 mill kr avsett til åra 2018 og 2019.

For 2018 er det budsjettert at vi skal nytte 6,1 mill kr. Mellom anna skal dette gå til stillingar (kommunikasjon, arkiv/personvern, prosessleiar digitalisering), møtegodtgjersle, frikjøp HTV, kompetanseheving, arkiv, data/IKT, konsulenttenester m.m.

Saksopplysninger/fakta:
Status økonomi mai måned

Nye Volda

RAPPORTERING PR MAI 2018

	Rekneskap mai 2018	Budsjett mai 2018	Åsbudsjett 2018
Inntekter	0	0	-1 000 000
<i>Lønnsutgifter</i>	<i>1 233 896</i>	<i>1 723 585</i>	<i>3 865 000</i>
<i>Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod</i>	<i>335 507</i>	<i>645 833</i>	<i>1 550 000</i>
<i>Kjøp av varer og tjenester som erstatter komm tjprod/Overføringer</i>	<i>0</i>	<i>708 333</i>	<i>1 700 000</i>
Utgifter	1 569 403	3 077 751	7 115 000
Netto avsetjing fond	0	0	-6 115 000
Meirforbruk /Mindreforbruk	1 569 403	3 077 751	0

Som det går fram av tabellen er det ikkje nytta så mykje kostnader som planlagt. Vi trur likevel at aktiviteten vil auke til hausten og at økonomirapporten til 2. tertial vil vise dette. Budsjettrammene kan nyttast av heile organisasjonen både i Hornindal og Volda kommune. Det er viktig at kostnader relatert til kommunesamanslåinga vert synleggjort. Den delen av budsjettet som inneheld driftskostnader (utan løn) vart lagt inn utan spesifikke tiltak, nærast som ei til disposisjonsramme. Vi ser no at fleire einingar melder om behov for å nytte av desse midlane, og det er naturleg å legge fram desse tiltaka til Fellesnemnda:

1. Kjøp av videokamera og tilhøyrande utstyr, kr. 35 000
 Skal nyttast til videoproduksjon til dømes internopplæring, opptak av kurs og arrangement og andre kommunikasjonstiltak
 Informasjonsbrosjyre til innbyggjarane, kr. 30 000
 Vi ønskjer å distribuere ut ei brosjyre/informasjonsflyer til innbyggjarar i løpet av hausten. Etter tal frå SSB kan det sjå ut til at det er i underkant av 6.000 husstandar i Hornindal/Volda som ikkje er registrerte som fritidshus.
2. Grafisk profil inntil kr 350 000. Dette handlar om innleige av eksepertise og prosess for å få felles grafisk profil til bruk på presentasjonar, marknadsføring, annonsering, skriftlege dokument mv for den nye kommunen.
3. Rekrutteringsprosess av kommunalsjef Samfunnsutvikling, kr 100 000
 Midlar til rekrutteringsprosess kommunalsjef for samfunnsutvikling.
 Kommunalsjef samfunnsutvikling tiltretr 1. januar 2020 og går inn i prosjektleiargruppa til Nye Volda. Lønnsutgiftene med stillinga vert dekt av prosjektmidlane i 2019 da vedkomande vil jobbe med å få den nye sektoren på plass. Frå og med 2020 vil stillinga verte sett i samanheng med stilling som vert ledig og ikkje erstatta.
4. Prosjektmidlar for utvikling av IKT, Kyrkjeleg fellesnemnd kr 333 500
 Kyrkjeleg fellesnemnd søkjer om utvikling av IKT til infrastruktur og maskinvare, interne administrative løysingar og informasjon og brukarkontakt. Søknad ligg som vedlegg til sak.
5. Nytt sak og arkivsystem
 Anbod for nytt sak og arkivsystem vert lagt ut i slutten av august. Etter planen skal nytt system vere klart juni 2019. Då får kommunane eit halvt år på å tilpasse inn mot ny kommune. Kostnadane til nytt system vil ikkje vere kjent før til hausten, men det er naturleg at dette vert finansiert av prosjektmidlane til ny kommune
6. Oppgradering av økonomi og lønssystem
 Økonomi og lønssystemet må oppgraderast slik at vi kan få til meir digitalisert

arbeidsprosessar. Det er også nødvendig å utvide med modular som gir leiarane eit betre verktøy for styring, både på økonomi og personal. Ny kommune skal byggast opp med endringar i struktur, noko som sjer at vi må køyre work-shopear saman med leverandør. Mykje av denne kostnaden kjem først i 2019. Kostnad om lag kr 500 000.

7. Prosjektstyringsverktøy kr 100 000.
8. Tilrettelegging av møterom, kr 220 000.
Vi har i dag møterom med videokonferanseutstyr som ikkje blir nytta nok. Utstyret slik det er sett opp i dag er vanskeleg å nytte, og møteromma i seg sjølv er ikkje tilrettelagt for å gi den beste møteopplevinga, til dømes lysregulering og plassering av mikrofonar i himling. Ved å investere i tilrettelegging av møteroma for videokonferanse, vil kommunane spare og effektivisere i høve til tapt arbeidstid og utgifter til køyring/reise. Dette vil også kunne bidra til å styrke kulturbygginga for den nye kommunen då det gjev moglegheit for hyppigare møteverksemd, «ansikt til ansikt».
9. Kjøp av uttrekk av data frå datasystem som skal avsluttast. Kostnaden med dette er ikkje kjent før vi har fått tilbod frå leverandørane.
10. Nye komponentar og PC'ar – ca kr 500 000. Det er behov for utskifting av infrastruktur/driftskomponentar og PC'ar for å kunne drifte heile den nye kommunen av SSIKT.
11. Auka frikjøp av tillitsvalte. Det er viktig å involvere tillitsvalte i endringsprosessen. Etter ferien startar prosessen med organisering av sektorane og tenesteutvikling. Tillitsvalte vil verte involvert i desse prosessane og skal ut frå Hovudavtalen få tilrettelegging ved frikjøp/fri frå arbeidet til å delta. I enkelte samanhengar vil ein måtte setje inn vikar, medan ein i andre samanhengar må vurdere ev nedprioritering av arbeid, avspassing mv. Dette må vurderast i kvart enkelt høve. Leiarane i Volda og Hornindal vil føre oversikt over utgifter dette medfører, og som skal belastast prosjektbudsjettet til nye Volda.
12. Kompensasjon til Ørsta kommune for frikjøp av leiarressurs til prosessen med organisering av landbruk og Nav, jfr tidlegare sak i fellesnemnda. Det skal inngåast avtale og setjast opp ein prosjektplan. Utgiftene er ikkje kjende enda.
13. Frikjøp av fagressurs i pleie og omsorg for å leie prosjektet for velferdsteknologi. Det er viktig med dedikert ressurs for å planleggje og styre prosjektet for å ta ut gevinst. Ein kjem attende til nærare ressurs til dette. Det same kan også verte aktuelt for digital undervisning.
14. Midlar til kulturbygging mellom samfunna Volda og Hornindal – inntil kr 500 000, jfr kulturbyggingsnemnda. Kulturbyggingsnemnda utarbeider plan for tiltak og vil ha behov for eit budsjett for å gjennomføre ulike tiltak og arrangement.

Vurdering og konklusjon:

Samla kostnadsramme i tiltaka over er 2 670 000 kr. Det er rom til å finansiere desse i løyvingane som ligg i budsjettet i dag. Dersom aktiviteten aukar kan det vere nødvendig å hente inn og bruke meir fondsmidlar til hausten, men med den kunnskapen vi har om aktivitet og tiltak i dag er dette ikkje nødvendig. Erfaringar frå andre kommunesamanslåingsprosessar er at det går vesentlege ressursar til IKT og arkiv. Det er avsett relativt mykje til arkiv, men ein må vere budd på at det vil gå med mykje ressursar til IKT også i samband med etablering av nye Volda.

Det er viktig å vere merksam på at statstilskot til kommunesamanslåingsprosjektet skal gå til prosjektet og bygging av ny kommune, ikkje til å drifte tenester som ein ev forskotterer gjennom vertskapssamarbeid eller andre måtar for organisering.

Vi rår til at fellesnemnda godkjenner at tiltaka over vert godkjent og kan finansierast av løyvde prosjektmidlar. Ein kjem attende til nærare konkretisering av tiltak der utgiftene ikkje er kjende enda.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen


Økonomiske konsekvensar:

Sjå vurdering over

Beredskapsmessige konsekvensar:

Utskrift av endeleg vedtak:

Kyrkjeleg fellesnemnd v/Jostein Sråbø



Fellesnemnda for Nye Volda kommune
Rådhuset
6100 Volda

Volda 07.05.2018
Vår sakshandsamar: JS
Vår ref.:18/00001-006
Arkivkode: 022

Søknad om prosjektmidler for utvikling av IKT

Kyrkjeleg fellesnemnd handsama sak *KFNV 06/2018 Søknad om prosjektmidler for utvikling av IKT* i sitt møte 25. april 2018.

Fellesnemnda ser følgande område der kyrkja i Nye Volda treng å utvikle IKT løysingane:

- **Infrastruktur og maskinvare:**
 - Ekstern serverdrift
 - Internettilgang og intern nettverksløyasing, på kyrkjekontor og i kyrkjer
 - Maskinvare på kyrkjekontor og i kyrkjer
- **Interne administrative løysingar**
 - Standard kontorapplikasjonar
 - NOARK-godkjend sak-arkivsystem
 - Fagprogram for kyrkje og gravplassdrift
- **Informasjon og brukarkontakt**

Løysingar for brukarkontakt gjennom:

 - Oppgradert webside
 - Webbaserte bestilling og påmeldingssystem

Dette er løysingar som må vi må planlegge og få i drift i god tid før 01.01.2020.

Det står att ein del registreringsarbeid endå, men slik vi kjenner situasjonen i dag er den mest aktuelle løysinga å byggje på dei løysingane hos Volda kyrkjelege fellesråd som er velfungerande i dag og utvikle desse. Vidare må vi få på plass nye og betre løysingar der systema manglar eller ikkje er gode nok. System for å stette krava i den nye personverndirektivet GDPR må òg bli implementert i datasystem, fagprogram og rutinar.


Utviklingskostnad

Det er ønskeleg at vi får delprosjektet for utvikling av IKT opp gå raskt slik at vi allereie i 2019 får på plass dei fleste felles IKT-løysingane. Prosjektet har både etableringskostnader og driftskostnadane første året må bli dekket av eit prosjektbudsjett. Frå 2020 må alle IKT-kostnadane inn i Nye Volda fellesråd sitt ordinære driftsbudsjett.

Budsjett IKT-utvikling			
	Etablering	Ny årskostnad	
Infrastruktur og maskinvare			
Ekstern serverdrift	kr 20 000,00	kr 36 000,00	
Internetttilgang kyrkjebygg	kr 10 000,00	kr 6 500,00	
Maskinvare kyrkjebygg	kr 35 000,00	kr -	
Maskinvare kyrjekontor	kr 15 000,00	kr -	
Sum infrastruktur og maskinvare	kr 80 000,00	kr 42 500,00	
Administrative løysingar			
NOARK5-godkjend sak-arkivsystem	kr 20 000,00	kr 36 000,00	
Program for arbeidsplanlegging og tidsregistrering	kr 6 250,00	kr 11 500,00	
Samordning av gravregister Hornindal og Volda	kr 20 000,00	kr -	
Sum administrative løysingar	kr 46 250,00	kr 47 500,00	
Informasjon og brukarkontakt			
Oppgradert web-side for Nye Volda	kr 10 000,00	kr 4 000,00	
Fotografering av kyrkjeleg aktivitet i alle sokn	kr 20 000,00	kr -	
Modul for webbestilling og påmelding	kr 1 250,00	kr 2 000,00	
Sum informasjon og brukarkontakt	kr 31 250,00	kr 6 000,00	
Kurs og opplæring			
	kr 70 000,00	kr -	
Konsulentkostnadar - IKT-rådgjeving			
	kr 10 000,00	kr -	
Totalt	kr 237 500,00	kr 96 000,00	kr 333 500,00

Fellesnemnda søker på bakgrunn av dette om totalt kr. 333.500,- i prosjektmidlar for å utvikle IKT for kyrkja i Nye Volda.

for kyrkjeleg fellesnemnd


Jostein Strøbø
kyrkjeverje/prosjektleder



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Rune Sjurgard	Arkivsak nr.:	2018/432
		Arkivkode:	060

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
30/18	Fellesnemnd for nye Volda kommune	21.06.2018

FELLES DIGITALISERINGSSTRATEGI FOR KOMMUNANE PÅ SØRE SUNNMØRE

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda sluttar seg til framlegg til felles digitaliseringsstrategi for kommunane på Søre Sunnmøre. Fellesnemnda tek til vitende orienteringa om IKT-prosessane i samband med samanslåing av Hornindal og Volda, og ser dette samla sett som IKT-strategi for nye Volda.

Handlingsplan for perioden 2018-2021 slik den ligg føre vert teken til vitende.

Vedleggsliste:

Digitaliseringsstrategi for kommunane på søre Sunnmøre (SSIKT)
Handlingsplan til digitaliseringsstrategien

SAMANDRAG AV SAKA

Digitalisering er sett på den nasjonale agendaen gjennom Stortingsmelding 27 (2015 – 2016) – Digital agenda for Norge, Perspektivmeldinga og seinast i Kommuneproposisjonen for 2019 som oppfølging av stortingsmeldingane.

Digitalisering vert etterpurt av brukarane for å forenkle tenestene, samtidig som det gir potensial for å automatisere og effektivisere administrative oppgåver og tenesteproduksjon. Dei nasjonale

strategiane for digitalisering er vidareført i KS sin digitaliseringsstrategi, og kommunesamarbeid og større enkeltkommunar har handsama eigen strategi som er linka opp til det nasjonale og KS. For kommunane Hornindal og Volda er det naturleg å sjå strategien opp mot ny kommune og handsame strategien i fellesnemnda. Gjennomgang og tilpassing av IKT-system er ein stor prosess i kommunesamanslåinga med høve til gode digitaliseringsprosessar som må vere på plass til 01.01.2020. Samtidig må ein sjå denne prosessen i samanheng med tenesteutvikling i den nye kommunen frå 2020.

Nye Volda vert i tenestesamanheng kopla opp mot interkommunale samarbeid for søre Sunnmøre. Dei sju kommunane på søre Sunnmøre har dei siste femten åra arbeidd stadig tettare om IKT-løysingar, og har sidan 2013 hatt eit formalisert samarbeid gjennom SSIKT. Med grunnlag i hovudsatsingar for nasjonal IKT-politikk og rettleiing frå KS er det utarbeidd ein felles digitaliseringsstrategi for samarbeidskommunane.

SAKSOPPLYSNINGAR/FAKTA

Kommunane på Søre Sunnmøre har som ambisjon å verte mellom dei fremste i landet på nyskaping gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi. Kommunane har til dels ulike satsingar innanfor feltet, men alle har ambisjonar om at digitalisering m.a. skal medverke til å:

- ❖ Styrke demokratiet og innbyggardialogen
- ❖ Levere brukartilpassa tenester meir effektivt
- ❖ Heve kompetansen og omstillingsevna til samfunn og arbeidsliv
- ❖ Vere ein pådrivar for utvikling av smarte lokalsamfunn

Digitaliseringsstrategien er eit naudsynt verktøy i det vidare utviklingsarbeidet. Det er viktig å sikre god forståing for og forankring av satsingane då digitalisering fører til endring av arbeidsprosessar og tenesteleveransemodellar. Vidare er det viktig å sikre at retninga er lik i samarbeidet, og samstundes gje rom for at den einskilde kommune kan prøve, teste og dele med dei andre kommunane i samarbeidet. Kommunane i vår region har ulik innovasjonskultur, men har etter kvart lang tradisjon med å samordne seg og prioritere satsingar som gjev effekt for innbyggjarar, brukarar og kommunen sjølv.

Dei kommunale oppgåvene har vorte svært kompliserte, og krev no kompetanse med spesialisering på tenesteutvikling og nyttiggjøring av teknologi. Samarbeid og felles strategi gjev kommunane høve til å gjennomføre større endringar/prosjekt enn kva kommunen klarer aleine. Det er eit skilje mellom ikt-drift og utvikling av tenester ved digitalisering, samtidig er desse to felte avhengig av kvarandre. Digitalisering og tenesteutvikling er eit leiaransvar i den enkelte kommune og eit utviklingssamarbeid mellom kommunane vil styrke og utvikle den digitale kompetansen. Driftssenteret er ansvarleg for drift av system og tilgang til system via nettet.

Mange kommunar på lik line med søre Sunnmøre har bygt opp eigne driftssenter med ekspertise på IKT-drift og etter kvart med fagekspertise knytt til e-helse, sak/arkiv og økonomi. Denne utviklinga skjer som følgje av at fag og teknologi er blitt meir integrert i teneste-produksjon og –leveranse. Leverandørar går no i aukande grad over til å levere sine produkt som tenester(sky) i staden for som IKT-system lokalt installert hjå IKT-drift. Difor er SSIKT som driftssenter eit viktig støtteapparat med særleg ansvar for teknologien, samt å vere eit koordinerande og rådgevande ledd også for dei strategiske prosessane på tvers av kommunane

I tillegg til å følgje dei felles satsingane innanfor SSIKT, vil nye Volda ha eigne prosessar knytta til kommunesamanslåinga.

Digitalisering- og IKT-prosesser i samband med kommunesamanslåinga skal syte for at kommunen har naudsynte fag- og IKT-løysingar klar til driftssetting av ny kommune den 01.01.2020. I arbeidet fram mot driftssetting skal kommunen også gjennomføre endringar for å effektivisere og automatisere der det er mogleg, både før og etter 01.01.2020.

Det er viktig å vere merksam på at IKT-verktøyet er eit virkemiddel for administrasjon og tenesteyting, og at dei isolert sett ikkje vil ha nokon effekt utan at ein utviklar organisasjonen og dei som skal utføre oppgåvene. Digitalisering handlar om leiing av endrings- og innovasjonsprosesser der 80 % av ressursbruken er knytt til leiing, endring og kompetanseutvikling, medan 20 % er relatert til det IKT-tekniske. Det er lett å undervurdere dette, og da vil ein bruke mykje ressursar med svært avgrensa effekt. Staten har store forventningar til digitalisering av kommunale tenester, og mål og ressursinnsats må forankrast hos politikarane, den administrative leiinga og hos dei tilsette. Det er nødvendig å organisere arbeidsendringar som prosjekt med tydelege mål og metodikk for effektuttak. Slike prosesser må ha eit visst tidsperspektiv der organisasjonen har vorte endra og praktiserer nye arbeidsmåtar og ein kan måle resultat av endringane.

VURDERING OG KONKLUSJON

Bakgrunn

Perspektivmeldinga og seinast Kommuneproposisjonen for 2019 seier at innovasjon og digitalisering som viktig for å utvikle brukartilpassa tenester og effektivisere kommunane. Omsorgstenestene utgjør om lag 1/3 av kommunen si verksemd. Den demografiske utviklinga medfører auka behov for tenester, og ein må endre arbeidsmåtar og ta i bruk velferdsteknologi for å handtere desse utfordringane. Statlege tenester vert digitalisert, og kommunane må nytte staten si digitale plattform for stadig fleire av tenestene, og ein må sjå statlege og kommunale tenester i samanheng. Samtidig må kommunane ha strategi for å frigjere tid og ressursar til andre oppgåver ved å automatisere manuelle, repeterbare og regelstyrte arbeidsoperasjonar. Kommunane treng oppdaterte kjernesystem som økonomi/HR og sak/arkiv med integrasjon til støttesystem for å drive planlegging og ha gode grunnlag for strategiske avgjerder.

Teknologi endrar grunnleggande kva vi gjer, og korleis. Også i vår region har vi sett utviklinga akselerere innanfor t.d. automatisering og robotisering. Elevar i grunnskulen i dag kjem om nokre år til å jobbe med oppgåver som ikkje finst no. Vi samhandlar på nye måtar og sosiale teknologiar har snudd tradisjonell kommunikasjon på hovudet. Endringane skjer raskare enn nokon gong. Kommunane må i langt større grad ta digital posisjon for å sikre berekraft i offentlege tenester, legge til rette for smarte lokalsamfunn og smart arbeidsliv og utdanne ein arbeidsstokk for framtida for å nemne nokre område.

Ei aukande mengd eldre og yngre med samansette behov, gjer at vi må evne å ta i bruk velferdsteknologi både i institusjonane våre og i heimane hos eldre og personar med behov for bistand. Vi skal legge til rette for at det skal vere mogleg for alle å bu lengst mogleg heime og vere sjølvhjelpete i så stor grad som mogeleg. Sensorteknologi gjer det mogleg å gjere tenesta behovsstyrt og mindre tidsstyrt. Ein vil kunne ha oversikt på mange fleire tenestemottakarar og sjå kvar det er behov for hjelp, i staden for å måtte ta ei runde innom kvar einskild for å ha kontroll på kven som treng hjelp. Ved å nytte sensorteknologi kan ein såleis hjelpe fleire, utan å måtte auke ressursmengda ein set inn tilsvarande. Omsynet til personvern kan likevel takast i vare.


Dei store trendane er relevante også i ein lokal samanheng. Innovasjon, teknologiutvikling og haldningsendringar er nøklar i dette arbeidet. Både tenester, arbeidsprosessar og teknologi må endrast. Dette føreset eit tydeleg leiarfokus, der digitalisering vert ein integrert del av visjonane og ambisjonane våre. Strategiane må følgjast opp med gode styringsmodellar og raskare prosessar gjennom smidige samarbeid og ein endringskultur med fokus på gjennomføringskraft. Auka digital kompetanse i kommunane er nødvendig for å identifisere behov og moglegheiter med klart fokus på gevinstrealisering. Digital kompetanse hos våre tilsette er viktig for å kunne ta ut potensialet i den nye teknologien. I prosjektbudsjettet/økonomiplanen for nye Volda er det sett av midlar til kompetanseutvikling, og i samarbeid med dei andre kommunane vil vi kunne styrke kompetansehevinga og på den måten aukar vi kvaliteten på tenestene som blir levert.

Organisering

Kommunane på søre Sunnmøre såg for fleire år sidan at samarbeid om IKT-løysingar var den beste og mest økonomiske arbeidsmåten for alle. SSIKT har primært vore eit driftssamarbeid, men har i aukande grad fått påverke prosessane knytt til retningsval og samordning av digitale satsingar på søre Sunnmøre. Her er det viktig å få til gode prosessar som tek i vare innbyggarperspektivet og at folkevalde organ er orientert om, og kan medverke, i strategiutforminga. Rådmennene må evne å samordne dei behova som utviklar seg i eigen organisasjon og balansere desse med regionale tilhøve og den økonomiske situasjonen.

I dag fungerer prosessane knytt til digitalisering og teknologiutvikling på søre Sunnmøre om lag slik som illustrert i figur 1 nedanfor. Ei handfull faggrupper er etablert med representasjon frå alle kommunane på fagnivå og løftar inn nye prosjekt og behov. Strategigruppa er breiare samansett, med både fag, økonomi og leiing. Denne gruppa har bestillerfunksjonen frå kommunane overfor SSIKT. Den blå strukturen er sjølve SSIKT, som altså frå 2018 er eit eige rettssubjekt. Organisasjonen har ein desentralisert struktur, slik at tilsette delvis har møtestad i kvar kommune for å sikre god kjennskap til dei einskilte kommunane.

Rådmannsgruppa har over denne strukturen eit særleg ansvar for å samordne kommunane, prioritere, og sikre innsikt og forankring i eigen kommune og overfor folkevalde organ. Og med digitaliseringsstrategien skal det i utgangspunktet verte lettare å «halde tråden» i satsingane våre for perioden 2018-2021.



Figur 1: Sørre Sunnmøre IKT - Interkommunalt samarbeid - Styringslinjer



Figur 2: Kommunen sett med "digitale briller"

Figuren ovanfor illustrerer kommunen sett med «digitale briller» og syner kommunen sin digitale tenesteleveranse. I figuren er det nytta raud og gul farge. Raud syner kva områder som krev operative og standardiserte fag- og IKT-system til 01.01.2020. Gul syner der fag- og IKT-system ikkje er kritiske for kommunen sin tenesteleveranse og som kan fullførast i ein overgangsperiode etter 01.01.2020.

IKT-infrastruktur(nivå 1) er styrt av SSIKT og er felles for alle kommunane. Ute i kvar kommune er det ulike type standardiserte klientmaskiner, nettverk, switchar og WIFI-aksesspunkt som bind alt saman, og samlar kommunikasjonen inn mot løysingar som ligg på driftsenteret. Hornindal kommune nyttar i dag IKT-infrastruktur styrt av Nordfjordnett og må erstattast med utstyr som føl SSIKT sin standard.

Fellesløsninger(nivå 2) er nasjonale fellesløysingar levert av til dømes Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI), og Kommunenes organisasjon (KS). Døme på slike løysingar er ID-porten, Svar Ut og Svar Inn, Kontakt og reservasjonsregistert med fleire. Både Difi og KS driv kontinuerlig arbeid og tilbyr fleire slike fellesløysingar etter kvart som dei blir ferdige. Slike fellesløysingar fører til likskap i den kommunale tenesteytinga i heile Noreg.

Staten og kommunane ser behovet for standardisering og auka mengde funksjonalitet tilgjengeleg som felleskomponentar. I samarbeid med Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) initierte KS i 2017 prosjektet «Finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt - DigiFin», og ordninga er forvalta av KS. Fondet er eit spleiselag mellom staten, KS og kommunane (kr 20 pr innbyggjar som ei eingongsbetaling) Kommunar kan søkje om midlar frå ordninga for å gjennomføre digitaliseringsprosjekt til utvikling av nye løysingar. Skal du få støtte, må løysinga vere nasjonal slik at den kan nyttast i andre kommunar.


Støttefunksjoner(nivå 3) er dei kjerne- og støtte-systema som vert nytta av alle tilsette. Dei er felles for kommunane på Søre Sunnmøre.

Sektorane (nivå 4) er dei ulike fagsystema som blir nytta i tenesteproduksjon og tenesteleveranse. Også her er kommunane stort sett like, men det er ikkje heilt eintydig. Til dømes innan oppvekst er det valt litt ulike løysingar.

Digitale tenester(nivå 5) er leveranse av tenestene enten støtta av eller levert igjennom digitale løysingar. Dette omfattar alle tenestekområder i kommunen, Helse og omsorg, Oppvekst, og Samfunnsutvikling.

Lokal organisering

Kvar kommune må sjølv vurdere korleis ein skal organisere arbeidet med digitalisering lokalt. I nye Volda er det tilsett ein prosessleiar for digitalisering og IKT med ansvar for å støtte, rådgje, koordinere og gje retning for tenestene i digitaliseringsarbeidet. Det er avgjerande at kommunane har digital kunnskap frå fagnivå og opp til politisk nivå, at målsetnadene for arbeidet er kjende og at det er forståing for at innovasjonsarbeid inneber prøving og feiling. Vi organiserer arbeidet lokalt som vist i figur 3. Digitaliseringsrådet er ei tverrfagleg gruppe bestående av rådgjevarar, sakshandsamarar, og tillitsvalde som skal gje råd til leiargruppa i nye Volda.



Figur 3: Organisering av digitaliseringsarbeidet i nye Volda

Innan velferdsteknologi er vi i startgropa ved at Volda kommune deltek i Læringsnettverk for Velferdsteknologiens ABC på søre Sunnmøre og har ei eiga ressursgruppe som arbeider med planlegging og innføring. Nye prosjekt krev datakabling i sjukeheim og omsorgsbustadane der ein søker statleg delfinansiering. Alle kommunane på søre Sunnmøre er med på eit anbod om tryggleikspakke, saman med andre kommunar på Sunnmøre og i Romsdal. Denne tryggleikspakken omfattar velferdsteknologi for dei som bur heime. Brukarane av dei kommunale tenestene vil altså møte same utstyr/teknologi heime som når dei oppheld seg på institusjon, noko som er svært viktig og som set brukaren i fokus.

Den nye tryggleikspakken gjev kommune ei utfordring då den byggjer på ei plattform som er ulik det vi nyttar på pasientvarsling på sjukeheim og i omsorgsbustadane.

Pasientvarslingsanlegga har mange moglegheiter for utvikling og tilknytning av ulike velferdsteknologiske funksjonar, men nyttar «anna språk» enn tryggleikspakkane som skal ut i heimane, den utfordringa vil kunne bli løyst ved bruk av ei velferdsteknologisk plattform som snakkar alle «teknologispråka».

Som følgje av det arbeidet som er lagt ned gjennom velferdsprosjektet som Volda deltek i har ein vidare sett i gang kartlegging på behov for utviding av tal datapunkt i bygga, med tanke på kapasitet for å nytte teknologi med stor datamengd. Det er også sett iverk arbeid med prosjektplan og framdriftsplan for den operative forvaltninga og logistikk av teknologien.

I samband med førebuinga til kommunsamanslåing vert dette prosjektet å utvide for sjukeheim og bustader i Hornindal. Det er også viktig at nye omsorgsbustader som no er under planlegging i Hornindal vert planlagt med framtidsretta teknologi.

Oppvekst i Volda har i seinare tid satsa tungt på å gjere seg god nytte av digitale verktøy, for vår del iPad (1.-7. klasse) og Chromebook (8.-10. klasse). Det er investert vesentleg for å sikre kvar elev sitt eige nettbrett eller Chromebook, samstundes som SSIKT har sørga for ei naudsynt oppgradering på infrastrukturen på skulane. I tillegg til dette har det og vore lagt ned betydelege ressursar i kurs og kompetanseheving for å sikre god, pedagogisk bruk av verktøya. Til dette har det vore nytta ekstern kompetanse gjennom firmaet Kreasjon AS, samt at alle våre lærarar og leiarar er inne i modulbasert vidareutdanning gjennom samarbeid med Høgskulen i Volda. Satsinga vert opplevd som at ein er på eit godt spor. Resultatet er at ein har fått fleire og nye moglegheiter for å drive god, tilpassa undervisning. Moderne læringsplattform er og innført for skulen i Hornindal. I samband med kommunesamanslåingsprosjektet vil ein dra veksle på utviklingsarbeidet i begge kommunane og byggje på dette i den vidare prosessen med teknologi for å utvikle skulen og også barnehagane.

For stab og støtte i administrasjonen er det allereie planlagt og sett i verk ulike prosjekt retta direkte inn mot nye Volda. Det er sett i gang prosess med anbod på nytt sak-/arkivsystem med opsjon for eByggesak og Rekruttering. Det er etablert ei felles prosjektgruppe med medlemmar frå alle kommunane på søre Sunnmøre (inkl nye Volda), med prosjektleiar frå SSIKT. Sak-/arkivsystem er eit av kjernesystema våre (sjå figur 2), og ei av dei viktigaste brikkene i den «digitale grunnmuren» vår. Dagens system inneheld ikkje den teknologien/funksjonaliteten som vi treng for å kunne digitalisere mange av tenestene våre ut mot publikum.

For samfunnsutvikling har det vore ulike fellesgrupper. Det vert no jobba med å etablere ei felles gruppe på kommunalsjef-nivå for søre Sunnmøre. I kommuneprojektet vil vi i etterkant etablere ei gruppe som skal arbeide med tverrfagleg utvikling og samarbeide tett med digitaliseringsrådet.

Kjernesystema, som ligg på nivå 3 i figur 2, må vere like. Andre fagsystem må også i størst mogeleg grad vere like for samarbeidskommunane. Når ein gjennomfører anbod på nye system må alle kommunar vere med, og såleis standardisere det som kanskje har vore ulikt før. Det er også viktig at ein i samarbeidet kan teste ut nye løysingar åleine. Slik kan ein få vurdert om eit system er ei god investering eller ikkje, men med mindre ressursbruk og risiko. Dersom utprøvinga er ein suksess, kan også andre kommunar implementere løysinga. På denne måten er det lov å vere innovativ og teste noko, utan at alle skal vere med på testen, og kanskje køyre eit omfattande fellesprosjekt, som ikkje gjev den effekt ein ynskjer.

Om digitaliseringsstrategien

Framlegget til felles digitaliseringsstrategi for kommunane på Søre Sunnmøre har eit tydeleg brukarperspektiv og det vert fokusert på dei satsingsområda som vi meiner har størst effektiviseringsgevinst. Strategien er delt i fem område i kvart sitt kapittel, der kvart av desse har klare handlingsmål. Desse er:

- ☐ Brukaren i sentrum
- ☐ Digitalisering for innovasjon og produktivitet
- ☐ Styrka digital kompetanse og deltaking
- ☐ Effektiv digitalisering av kommunane

- Informasjonstryggleik og personvern (Viktig med omsyn til innføring av GDPR)

I siste del er det formulert nokre konkrete målsettingar for tenestekområda

- o Administrasjon og fellestenester
- o Helse- og omsorgstenestene
- o Læring og oppvekst
- o Tekniske tenester

Folkehelse- og miljøkonsekvensar: Auka digitalisering og digital leveranse av tenester vil støtte oppunder mål i samfunnsdelen av kommunane sine kommuneplanar. Til dømes for næring, busetting, trivsel, samfunnstryggleik, og muligheit til å bli buande på bygda.

Økonomiske konsekvensar: Vert utgreia i samband med kvart einskild prosjekt og handsama i samband med budsjett.

Prioriterte satsingar

Nye Volda vil saman med søre Sunnmøre utarbeide prioriterte satsingar i tida framover. Noko er allereie starta opp, til dømes nytt Sak- og arkivsystem.

For nye Volda er det svært viktig at kan tilby våre innbyggjarar digitale tenester lik summen av tenestene i begge kommunane. For å kunne lykkast med det er vi avhengige av moderne kjerne- og støttesystem som gjev oss muligheiter til integrasjonar, både teknisk og økonomisk.

Vi vil kunne kome i situasjonar der samarbeidet sine prioriteringar ikkje samsvarar med behova nye Volda har i reformarbeidet. For slike tilfelle må vi gjere vurdering om kommunen skal gjennomføre eit prosjekt aleine. Dette kan bli ei vurdering vi må gjere ved oppgradering av økonomi- og HR-system, men målet er å gjennomføre slike satsingar saman med alle kommunane i samarbeidet.

Vidare vil nye Volda halde fram med kartlegging og prioritering av andre prosjekt og tiltak som kan gjennomførast. Dette er ein svært omattande jobb. Ein må gå gjennom absolutt alle applikasjonar og vurdere desse opp mot integrasjonar til andre system, korleis desse kan brukast inn mot framtidige tenester med sikte på effektivisering og tenesteutvikling. Prosessleiaren for digitalisering koordinerer dette og arbeider med ein eigen prosjektplan med milepelar som mange arbeidsgrupper skal rapportere på opp mot digitaliseringsrådet og leiinga.

Både digitaliseringsstrategien og digitaliseringsarbeidet som ligg til kommunesammenslåinga vil også sjå til at innspel frå Krf v/Erlend Krumsvik i kommunestyret 25. januar blir vurdert, jfr oversendingsframlegg: «Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ei sak til politisk handsaming der organisasjonen sjølv kartlegger eigen arbeidsplass i høve digitalisering, robotisering og intelligente maskiner. Rapporten må leverast kommunestyret til handsaming slik at denne er relevant for budsjettarbeidet 2019.

Kommunestyret fremjar denne saka som oversendingsforslag til fellesnemnda for Nye Volda kommune.» På dette tidspunktet vert det for tidleg å ta konkret stilling til dette initiativet. Innovasjon og «kvardagsdigitalisering» er fokusområder og involvering av dei tilsette frå start er avgjerande for å lykkast. Vurdering av og innføring av tiltak som effektiviserer sakshandsaming, tenesteproduksjon og tenesteleveranse blir prioritert. Dette inkluderer vurdering av robotteknologi og samhandlingsteknologi for forbetring av dialog med innbyggjar og næringsliv.

Ikkje alle innbyggjarane evnar eller har føresetnadar for å kunne nytte digitale tenester. Desse likevel oppleve ei forbetra teneste når vi gjennomføre digitaliseringsprosessar. Dei tilsette vil bli mindre låst til manuelle, repeterbare og regelstyrte prosessar og vil såleis kunne nytte meir tid på eige fagområde og tenestemottakar.

Utskrift av endeleg vedtak:

Prosessleiar digitalisering

Leiargruppa for nye Volda

Kommunikasjonsrådgjevar for nye Volda

SSIKT v/ dagleg leiar

Samarbeidskommunane på Søre Sunnmøre

Hornindal kommunestyre (orienteringssak)

Volda kommunestyre (orienteringssak)

Digitaliseringsstrategi
for samarbeidskommunane i SSIKT
2018-2021



Bakgrunn

Dei sju kommunane på Søre Sunnmøre har sidan 2013 hatt eit formalisert IKT-samarbeid gjennom Søre Sunnmøre IKT, SSIKT. Samarbeidet har utvikla seg til å vere eit fullverdig driftssenter for alle kommunale IKT-tenester, inkludert eigd kommunikasjon mellom kommunane og faglege ressursar. Det er gjennomført mange store fellesprosjekt med gode resultat. På nokre område har kommunane hatt ulik progresjon i bruken av nye IKT-løysingar, og gevinsten ved å ta dei i bruk er varierende. SSIKT vil difor ha stort fokus på betre koordinering og tettare samarbeid mellom kommunane for å kunne hauste gevinstane i perioden fram mot 2020.

Frå 2018 vert SSIKT eige rettssubjekt og dei tilsette innanfor IKT-fagområdet vert overførte til ny organisasjon. Dette gjev nye moglegheiter for organisering, spesialisering for dei tilsette og evne til utvikling.

Strategigruppa i SSIKT har ansvar for koordinering mellom kommunane i IKT-samarbeidet og set dagsorden for utvikling og digitalisering av tenestene. Strategiarbeidet skal sikre god effekt og utvikling av IKT-løysingane for dei kommunale tenestekområda. Nye eller endra behov skal meldast inn til strategigruppa via dei etablerte fag- og sjustjernegruppene eller via kvar kommune sin representant i strategigruppa. Sakene skal handsamast i tråd med dette dokumentet, IKT-strategi og følgjast opp i årleg handlingsplan.

Digitaliseringsstrategi baserar seg på KS sin digitaliseringsstrategi for kommunar 2017-2020 som tek utgangspunkt i [Meld. St. 27 \(2015–2016\) Digital agenda for Norge](#).

Stortingsmeldinga formulerar fem hovedprioriteringer for den nasjonale IKT-politikken, som også er gyldige for kommunane. Dokumentet skal leggjast til grunn for det kommunale plan- og utviklingsarbeidet i medlemskommunane. Strategien har brei forankring i samarbeidskommunane gjennom sjustjernfellesskapa, faggrupper, leiargrupper og ordførarar.

Digitaliseringsstrategi for samarbeidskommunane i SSIKT 2017-2020 erstattar tidlegare strategi frå 2012.

Overordna mål

- Kommunane skal tilby driftssikre, heilskaplege, moderne og effektive løysingar.
- Tiltak med stor grad av sjølvbetening og automatisering, der gevinstpotensialet for både innbyggjarar og kommunane er størst, skal prioriterast og gevinstane hentast ut.
- Kommunane skal i samråd med kvarandre og SSIKT legge ein plan for standardisering av innkjøp og forvaltning.

Brukaren i sentrum

For å betre og utvikle digitale løysingar må behova til dei som brukar løysingane ligge til grunn. Brukarane må difor takast med i utviklinga av tenestene.

For brukarane vil gode digitale løysingar gjere kvardagen enklare og meir effektiv. Med omgrepet *brukar* meiner ein både innbyggjarar, tilsette, frivillig sektor og offentlege og private verksemdar.

Kommunane i SSIKT skal i samarbeid gjennom gode og samanhengande digitale tenester bidra til heilskaplege og gode tenestetilbod. Mange brukarar er vane med avanserte digitale løysingar og forventar at det offentlege kan levere sameleis. Innbyggjarane sine behov for dei ulike kommunale tenestene vil i stor grad vere avhengig av kva livssituasjon dei er i.

I dag kan mykje av sakshandsaminga automatiserast og tilpassast livsfasar. Det kan gjerast gjennom å tilby såkalla «pushtenester». Dette er tenester der innbyggjaren ikkje sjølv treng å gjere noko for å ta i mot tenesta, fordi kommunen veit når innbyggjaren har behov for tenesta og tildeler den automatisk. Automatiserte regelstyrte prosessar og kunstig intelligens kan hjelpe dei tilsette i forvaltninga. For brukarane betyr det raskare svar og enklare sjølvbetening.

For at ei teneste skal verte opplevd som nyttig av brukarane, må utviklinga av tenesta vere basert på ei grunnleggjande forståing av brukarane sine behov. Samarbeidskommunane må utfordre etablerte arbeidsprosessar og tenester. Rådmannen med si leiargruppe i den einskilte kommune har hovedansvaret for gjennomføringa. Ein anbefalt metode er å nytte tenestedesign. Dette inneber ei systematisk kartlegging av kva behov dei som brukar tenesta har. Ofte syner det seg at etablerte løysingar er utilgjengelege, vanskelege og ikkje møter faktiske behov. Bruk av tenestedesign gjev nyttig innsikt for å kunne forbetre og utvikle gode digitale tenester. SSIKT skal støtte opp om prosessane og vere katalysator for å sette endringane i drift.

Nye digitale tenester skal vere universelt utforma, og dei eksisterande skal følgje krava om universell utforming innan 1. januar 2021. Universell utforming skal bidra til å gjere løysingane lette å forstå og enkle og bruke. Enkelt og klart språk, responsiv design tilpassa brukaren sine arbeidsflater og at rett informasjon er lett tilgjengeleg, er ein føresetnad for god kommunikasjon og brukartilfredsheit.

Mål

1. Kommunane skal digitalisere sine tenester med utgangspunkt i brukarane sine behov
2. Kommunane skal automatisere regelstyrte prosessar
3. Kommunane skal syte for at digitale løysingar følgjer krava om universell utforming
4. Kommunane skal kommunisere i eit klart og forståeleg språk

Digitalisering er viktig for innovasjon og auka produktivitet

Det er leiarane og tilsette si evne til å endre og utvikle organisasjon, arbeidsprosessar og tenester som skapar verdi. Digitalisering er eit vesentleg virkemiddel for verdiskapinga. Digitalisering gjer det mogleg å løyse samfunnsutfordringar på nye måtar og dermed skape samfunnsmessige gevinstar.

SSIKT skal vere ein kompetent innkjøpar og nytte innkjøpsprosessar som sikrar nye dei beste tenestene. Nye framtidsretta og innovative innkjøp av høg kvalitet handlar om å nytte høva regelverket gjev i alle fasar av prosessen. Når innkjøpar er tydeleg på sine behov og etterspør innovasjon i sine nyinnkjøp, vert marknaden utfordra til å utvikle løysingar som møter morgondagens behov. Fellesutfordringar må løysast i lag gjennom felles løysingar. Dette opnar for raskare implementering, betre kvalitet og lågare totalkostnad.

For å kunne tilby gode tenester til ei stadig eldre befolkning, må velferdsteknologi takast i bruk og tenestene i omsorgssektoren endrast. Velferdsteknologi kan bidra til auka mestring, tryggleik og kontroll over eigen helsetilstand for innbyggjarane, i tillegg til å førebyggje belastningsskadar hjå dei tilsette. SSIKT og sjusterna omsorg skal vere pådrivar og legge til rette for føremålstenleg bruk av velferdsteknologi.

Stordata er alt fra offentlege data og informasjon som vert lagt ut på internett, til data frå bedrifter og sanntidsinformasjon frå sensorar i det offentlege rom. Analyse av store datamengder kan nyttast til å vurdere om tenestene har effekt og møter brukarane sine reelle behov, og til å planlegge framtidige tenester og løysingar.

Å gjere data tilgjengeleg for ekstern bruk, bidreg til at næringslivet, forskings- og utviklingsmiljø og innbyggjarane sjølve kan få tilgang til data og bruke dei i nye samanhengar. Næringslivet og kommunane får høve til å utvikle nye produkt og tenester, og innbyggjarane kan få større tilgang til informasjon.

“Smarte lokalsamfunn” involverer innbyggjarar og næringsliv og nyttar teknologiske løysingar for å sikre betre oppgåveløysing, meistre utfordringar i samfunnet og automatisere prosessar. I tillegg legg dei til rette for sjølvhjelp og meistring.

Mål

1. Kommunane skal ta i bruk teknologi som gjev effektive tenester og tenesteinnovasjon
2. Kommunane skal gjennom innovative nyinnkjøp syte for nyskaping og auka produktivitet
3. Kommunane skal syte for at sektoren sine opne offentlege data vert gjort tilgjengelege
4. Kommunane skal ta i bruk velferdsteknologiske løysingar som gjev auka produktivitet, betre tryggleik og betre tenestekvalitet for brukarane
5. Kommunane skal sjå på moglegheitene stordata gjev til planlegging og styring av tenester

6. Kommunane skal ta i bruk digitale løysingar som gjer at brukaren finn informasjon om eigne saker i "ei" løysing.

Styrka digital kompetanse og deltaking

Kommunane skal i all hovudsak kommunisere med innbyggjarar og næringsliv gjennom digitale kanalar. Teknologi gjev nye moglegheiter for auka demokratisk deltaking og betre tenester, men gjer det samstundes vanskelegare for dei som ikkje heng med i den digitale utviklinga. Digital kompetanse er ein føresetnad for å lukkast med digitalisering. Kommunane skal bidra til at alle innbyggjarar får grunnleggjande digital kompetanse.

Arbeid med kvalitetsutvikling og effektivisering ved hjelp av digitalisering set krav til ny kompetanse. Når kommunane legg vekt på tverrfaglegheit og ei samanhengande offentleg forvaltning, vert det skapt eit behov for å forstå organisasjonsutvikling og endringsprosessar på tvers av sektorar.

Medarbeidarar i alle fagområde må vere budde på å løyse oppgåver på nye måtar for å møte krav og forventningar om effektive tenester av høg kvalitet. Dette stiller krav til dei tilsette sin kompetanse. Kompetente medarbeidarar er ein viktig ressurs i vidareutviklinga av tenester og arbeidsprosessar. Ein føresetnad for vellykka endringsprosessar er medverknad, god informasjonsflyt og opplæring.

Leiarane sin kompetanse og handtering av digitale omstillingsprosessar er avgjerande for å skape meir effektive arbeidsprosessar, levere høg tenestekvalitet, redusere sårbarheita, gje økonomisk gevinst og framstå som ein attraktiv arbeidsgjevar for arbeidstakarar i framtida. Leiarane må sjå samanhengen mellom tenesteproduksjon og teknologibruk, og bruke dette til tenesteutvikling. Evne til omstilling og digital kompetanse må vektleggast i tilsettingsprosessar.

Mål

1. Kommunane skal legge til rette for naudsynt digital kompetanse hjå innbyggjarane
2. Kommunane skal ha leiarar og tilsette med kompetanse til å innføre og bruke digitale verkty og andre teknologiske løysingar til utvikling av kommunen sine tenestetilbod
3. Kommunane skal legge til rette for at ein beheld kompetanse lokalt

Effektiv digitalisering av kommunane

Dei digitale tenestene skal opplevast som samanhengande og heilskaplege for brukarane.

Dei digitale tenestene kommunane tilbyr etterspør ofte den same informasjonen frå brukarane. Digitalisering av tenester til innbyggjarar og næringsliv har difor eit stort gjenbrukspotensiale. For å få til gjenbruk må dei kommunale systema snakke betre saman internt i forvaltninga og mot statlege system. Ein føresetnad for å lukkast er gode innkjøpsprosessar, samordning mellom kommunane i SSIKT og godt samarbeid på tvers av

sektorane. Ein må ta i bruk funksjonalitet i dei systema ein har. Dei nasjonale og kommunale felleskomponentane skal leggjast til grunn for utviklinga av digitale tenester i SSIKT. Kommunane skal arbeide for best mogleg breidbandsdekning for innbyggjarane for å realisere moglegheitene digitale tenester gjev.

Mål

1. Kommunane skal tilby heilskaplege tenester
2. Kommunane skal gjenbruke data på tvers av systema for å sikre gode tenester
3. Kommunane skal vere ein tydeleg premissleverandør i digitaliseringsarbeid gjennom bruk av felleskomponentar
4. Kommunane skal dele resultat og erfaringar frå eige digitaliseringsarbeid
5. Kommunane skal ta i nytte eksisterande løysingar sin funksjonalitet fullt ut
6. Kommunane skal ha ein breidbandsplan for utbygging av digital infrastruktur
7. Kommunane skal ha ei open sakshandsaming. Det skal leggjast til rette for ein heildigital saksgang med innsyn, medverknad og sjølvbetening

Informasjonstryggleik, personvern og dokumentforvaltning

Informasjonstryggleik og personvern på alle område er ein føresetnad for tillit til digitale løysingar. Kommunane må ha personvernombod, og nye løysingar skal ha innebygd personvern frå 2018.

Med heildigital kontakt med innbyggjarar og næringsliv aukar kravet, men også moglegheitene, til å gje innsyn i eigne saker. Opplysningar om den enkelte skal vere tilgjengeleg ved behov samtidig som opplysningane ikkje skal kome på avvegar. Innbyggjarane skal i størst mogleg grad ha råderett over eigne personopplysningar.

Datakriminalitet, sabotasje og digitale innbrot på kommunale og fylkeskommunale IKT-system kan få store samfunnsmessige konsekvensar. Handtering av hendingar krev system for avvik- og krisehandtering. SSIKT skal samarbeide og dele informasjon om hendingar.

Automatisering av sakshandsaming og moglegheiter for kommunikasjon på tvers av IT-system vil kunne påverke korleis offentlege oppgåver vert organiserte og utforma i framtida. Skyteneste og innsamling og bruk av stordata utfordrar informasjonstryggleik og personvern.

Kommunane sin dokumentasjon skal vere tilgjengeleg på kort og lang sikt for alle som har rettmessige krav. For å oppnå dette må kommunane ha forsvarleg og effektiv arkiv- og dokumentasjonsforvaltning no og i framtida. Det er krav om langtidsbevaring av dokumentasjon og arkiv frå alle delar av verksemda. Heilskapleg dokumentasjons- og arkivforvaltning skal sikre rett tilgang, hensiktsmessig bruk, rettidig sletting og at arkivverdige opplysningar faktisk vert arkiverte. Planar for avslutning, sletting, arkivering og tilgjengeleggjering skal ligge føre ved utskifting eller avslutting av IT-system.

Mål

1. Kommunane skal syte for informasjonstryggleik og personvern på alle område
2. Kommunane skal sikre at rett informasjon er tilgjengeleg for rett person
3. Kommunane skal sørge for innebygd personvern i nye løysingar i tråd med til ei kvar tid gjeldande lovverk
4. Kommunane skal ha styringssystem for informasjonstryggleik
5. Kommunane skal dele informasjon om tryggleikshendingar dei har vore utsett for
6. Kommunane skal ha heilskapleg dokumentasjons- og arkivforvaltning

Målsettingar og satsingar for tenestekområda

Administrasjon og fellestenester

Kommunane på Søre Sunnmøre har eit eit godt samarbeid om dei fellesadministrative løysingane. Dette gjeld mellom anna felles sak/arkivløysing, økonomisystem og intranett. For å hente ut kompetansemessige og økonomiske gevinstar fram mot 2020 skal det leggjast planar for samling av avvikande løysingar. Tettare faglege samarbeid må utgreiast.

Tilsette skal ha effektive, brukarvenlege og trygge verkty som stettar arbeidsflyten i organisasjonen.

Data skal i størst mogleg grad kunne gjenbrukast mellom systema. Ein skal jobbe for å integrere mot andre grunnsystem og automatisere dei arbeidsprosessar der det gjev effekt.

Helse- og omsorgstenestene

Helse- og omsorgstenestene på Søre Sunnmøre har over fleire år hatt eit fruktbart samarbeid i Sjustjerna omsorg og frå SSIKT. Mobil pleie og meldingsløftet er gode døme på fellessatsingar.

Dei tilsette skal ha tilgang på føremålstenlege verky slik at dei når pasientopplysningar når dei treng det. Tilgjengelegheit aukar datakvalitet og betrar pasientforløpet.

Norm for informasjonssikkerheit i helse- og sosialtenesta og personvernforordninga skal ligge til grunn for trygging av personopplysningar.

Dei tilsette skal ha tilstrekkeleg digital kompetanse for å trygge god bruk av elektronisk pasientjournal (EPJ) og velferdsteknologiske løysingar i tenesta.

Kommunane i SSIKT-samarbeidet skal i fellesskap drive tenesteinnovasjon og løyse utfordringar knytt til ei eldre befolkning gjennom gode velferdsteknologiske løysingar.

Oppvekst

Oppvekstsektoren på Søre Sunnmøre har eit godt samarbeid som har eksistert i mange år gjennom Sjustjerna Oppvekst.

Barnehagar og skular på Søre Sunnmøre skal utvikle borna sine digitale ferdigheter slik at dei vert betre rusta til å bruke digitale verkty, medium og ressursar. Dette er spesielt viktig for dei som ikkje har erfaring med digitale verkty heime. Her kan barnehage og skule vere med å utjamne den sosiale skilnaden. Digitale verkty kan gi betre læring i fag og soleis gi

meirverdi for borna si læring. Digitale verkty skal gje betre moglegheiter for tilpassa opplæring og variasjon.

Barnehageborn og elevar skal oppnå mål i rammeplanar og læreplanar. Digital ferdigheit er nedfelt i læreplanverket som ein av fem grunnleggjande ferdigheiter i skulen og skal vere integrert i alle fag.

Kommunane skal i samråd med kvarandre og SSIKT legge ein plan for standardisering, innkjøp og forvaltning av digitale læremiddel og utstyr, samt legge planar for kompetanseutvikling for tilsette.

Teknisk

Innbyggjar og næringsliv forventar at kommunane legg til rette for ei utvikling som sikrar optimalisert arealbruk og utbygging. Kartdata og informasjon som ligg i karta er vesentleg input for tenestene som vert levert av teknisk sektor.

Overordna mål er å syte for at digitale kartbaser med relevante informasjonslag er integrert med andre relevante system og tilgjengelege for kommunen sine innbyggjarar. Dette gir betre kvalitetssikring og nøyaktig planlegging, betre byggesakshandsaming og eit forbetra kartenestetilbod til ålmenta og næringsliv.

Det skal etablerast eit overordna samarbeidsorgan for koordinering og utvikling av IKT-tenester for teknisk sektor. Programvaren teknisk sektor nyttar skal standardiserast for å samle kompetansen og lette utviklingsarbeidet.

Kommunane skal ha ei open sakshandsaming i plan- og byggesaksprosessar. Det skal leggjast til rette for ein heildigital saksgang med innsyn, medverknad og sjølvbetjening.


Innad i kommunane skal ein ved å utnytte det potensialet som ligg i å koble digitale kartdata med tabelldata, gjere nyttig informasjon meir tilgjengeleg også for andre sektorar, noko som vil bidra til å både effektivisere og kvalitetssikre kommunale oppgåver.

Kommunane skal legge ein plan for å betre integrasjonen mellom fagsystema innanfor teknisk sektor og mot matrikkelen, samt legge til rette for gjenbruk og deling av kommunaltekniske fagdata.



HANDLINGSPLAN

TIL DIGITALISERINGSSTRATEGI





ADMINISTRASJON OG FELLESTENESTER

KOSTNAD → 10 MILL NOK

GDPR behandlingsoversikt og internkontroll

Nye personvernreglar (GRPR) frå EU sett krav til at kommunane som databehandlingsansvarlege. Med rette verkty vert det enklare å ajourholde oversikt og delegerer arbeidsoppgåver.



MÅLGRUPPE → INNBYGGARAR



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
INFORMASJONSTRYGGELEIK, PERSONVERN OG DOKUMENTFORVALTNING

HR - framtidens ressursstyring

Krav om auka effektivitet tydeleggjer behovet for endra arbeidsmåtar for personalfunksjonen. Det er behov for eit HR-system som flyttar fokus frå tradisjonell personalforvaltning over på sjølvbetening og strategisk planlegging.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE

Salgsordre på web (internfaktura)

Einingane skal sjølv levere fakturagrunnlag i Agresso Web. Dette er tidsbesparande og minkar sjansen for feil.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE

Digital økonomiplan og årsrapport

Detaljerte økonomiplanar og årsrapportar må gjerast tilgjengeleg på internett. Dette betrar lokaldemokratiet og gir meir openheit.



MÅLGRUPPE → INNBYGGARAR



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
STYRKA DIGITAL KOMPETANSE OG DELTAKING
DIGITALISERING FOR INNOVASJON OG AUKA PRODUKTIVITET

Standardisert kontoutdrag på kunde og leverandør i Agresso

Usam voleseque quae expliat ectatus ius elescitae re est, officimusame pro con et haribus, verecerfere praerovit, quiaepe rfersped ma idempor antempor maximagnia verit mo es aliqua dit qui dus.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
DIGITALISERING FOR INNOVASJON OG AUKA PRODUKTIVITET
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE

Elektronisk reiserekning - i bruk i alle kommunar

Alle kommunene skal ta i bruk elektronisk reiserekning som erstattar manuelle rutinar. Dei tilsette skal sjølv melde inn beløp og bilag.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE
BRUKAREN I SENTRUM

Digitalisering av purringer i ERP-innfordring

Få system for elektronisk utsending av purringer frå økonomisystem. Per i dag går dette per papirpost.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
DIGITALISERING FOR INNOVASJON OG AUKA PRODUKTIVITET
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE

Oppgradering av eksisterande heimesider

Heimesidene er ikkje tilpasse moderne brukarflater og er vanskeleg å navigere i. Reponsivt design og god søkefunksjonalitet er naudsynt for å innfri innbyggjarane sine krav og vil avlaste kommunane sine manuelle informasjonskanalar.



MÅLGRUPPE → INNBYGGARAR



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
BRUKAREN I SENTRUM
STYRKA DIGITAL KOMPETANSE OG DELTAKING

Tidsregistrering - fleksitid/integrasjon løn/økonomi

Det må leggst til rette for at grunnlagsdata frå dei systema som vert brukt til timeregistrering automatisk vert lest inn til lønssystemet.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
DIGITALISERING FOR INNOVASJON OG AUKA PRODUKTIVITET

Nytt Sak-/Arkivsystem

Sak/Arkiv er hjertet i den digitale kommune. Kommunane treng eit sak/arkiv-system med moderne, intuitive brukarflatar og som kan kommunisere med tilgrensande system.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE
INFORMASJONSTRYGGLEIK, PERSONVERN OG DOK.FORVALTNING

Automatiserte rapportar

Gode rapportar om økonomi, tenester og sjukefråver gjer at behovet for manuelt arbeid ved uthenting og rapportering av nøkkeltal forsvinn.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE
BRUKAREN I SENTRUM

Fildeling/samskriving

Prosjektarbeid og arbeidsoppgåver med mange samarbeidspartar aukar behovet for å kunne samhandle. Dette gjeld både tilsette og personar utanfor organisasjonen. Det er behov for saumlause løysingar for denne arbeidsmåten.



MÅLGRUPPE → TILSETTE OG INNBYGGARAR



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE

Prosjektstyringsverktøy

Med eit prosjektstyringsverktøy held ein oversikt over prosjektpordefølgjene til kommunane og sikrar at ein følgjer anbefalt metodikk.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
DIGITALISERING FOR INNOVASJON OG AUKA PRODUKTIVITET

Tilkopling prosjektorar

Med ei einheitlege løysing for tilkopling av skjerm/prosjektorar er det lettare å avvikle møter og behovet for hjelp frå support vert mindre.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
MÅLSETTINGAR OG SATSINGAR FOR TENESTEOMRÅDA

Maskininnleste sjukepengeutbetalingar

NAV sine utbetalingar av sjukepengar har hittil vorte puncha manuelt. Dette må lesast inn automatisk for å spare tid.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE

Auka bruk av agresso Web (direkte frå einingane)

Gir betre styring og kontroll. Tilsette må ha naudsynt opplæring og rapportar og malar må lagast til på eit nivå som er hensiktsmessig for dei tilsette.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE

Elektronisk arkiv og digital utsending i alle fagsystem

Digital post og heil-elektroniske arkiv aukar effektiviteten, tryggleiken og reduserar kostnader knytt til utsending. Resterande fagsystem som ikkje nyttar moglegheitene må digitaliserast.



MÅLGRUPPE → TILSETTE OG INNBYGGARAR



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE
BRUKAREN I SENTRUM

Politikarnettbrett

Det er naudsynt med gode verktøy for styring og dokumenthandtering for politikarane sine nettbrett. Dette sikrar at dei til er tilkopla nett og har dei dokumenta dei treng til arbeidet.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE



HELSE OG OMSORG

KOSTNAD → 4 MILL NOK

Digitaliserte sjekklister i Gerica

I KS-sitt læringsnettverk "heilskaplege pasientforløp" vert det lagt opp til å nytte sjekklister for å forbetre pasientforløp. Desse sjekklisene må gjerast tilgjengelege på ein digital plattform slik at dei kan nyttast på smarttelefonar eller nettbrett i tenesta.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE

Velferdsteknologi

Auka bruk av velferdsteknologi i kommunane set krav til sentrale komponentar og infrastruktur. Medan kommunane sjølv kjøpar inn utstyret for bruk i tenesta, må SSIKT syte for at utstyret kan kommunisere og samhandle.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
DIGITALISERING FOR INNOVASJON OG AUKA PRODUKTIVITET

Samhandling video pasient/brukar/innbyggjar/foretak

Samhandling via video gir moglegheit til tettare oppfølging av pasientar. Utstyret må vere enkelt å bruke og kunne samhandle med helseforetak.



MÅLGRUPPE → TILSETTE OG INNBYGGARAR



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE

Automatisert sakshandsaming

I helse og omsorg sakshandsamar vi i 7-stjerna, fleire tusen søknader om helse og omsorgstenester i løpet av eit år. Dette arbeidet er i dag i hovudsak manuelt arbeid av sakshandsamarar i kvar kommune. Ein bør sjå kva prosessar som kan automatiserast, og gjennomføre dei.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
BRUKAREN I SENTRUM
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE



OPPVEKST

KOSTNAD → 0.2 MILL NOK

Automatisert kulturmiddelsøknader

Automatisert prosess basert på regelsett. Dette fjerner manuelt arbeid og søkerne får raskere svar.



MÅLGRUPPE → TILSETTE OG INNBYGGARAR



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE
BRUKAREN I SENTRUM

Introduksjonsprogrammet

Det er behov for betre digital tilrettelegging slik at ein kan sikre kvalitet og effektivitet, samstundes som ein tek i vare kravet til individuell tilrettelegging.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
BRUKAREN I SENTRUM
DIGITALISERING FOR INNOVASJON OG AUKA PRODUKTIVITET



TEKNISK

KOSTNAD → 5 MILL NOK

Tiltaksanalyse og byggesakspakke i sunnmørskart.no

Dette er eit viktig verktøy internt for å effektivisere og kvalitets sikre sakshandsaminga, samstundes som det for utbyggarar og plankonsulentar er eit viktig verktøy for å kunne levere korrekte søknadar.



MÅLGRUPPE → TILSETTE OG INNBYGGARAR



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
DIGITALISERING FOR INNOVASJON OG AUKA PRODUKTIVITET
BRUKAREN I SENTRUM

Vektorisering av plandata - digitale planar

Kommunane har varierende løysingar av digitale planar, men der fleire av dei eldre planane enten er scanna eller finnst berre på papir. For å kunne automatisere både analyseprosessar, dataleveranser og informasjon ut til innbyggarar og utbyggarar, må planane vere vektorisert.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
DIGITALISERING FOR INNOVASJON OG AUKA PRODUKTIVITET
BRUKAREN I SENTRUM

Kvalitetsheving matrikkelen - bok og eigedomsdata

Matrikkelen danner grunnlag for mange andre system og vert nytta ope utover i landet. Viktig at data som kommunen har ansvar for er korrekte. Gode grunnlagsdata er avgjerande for automatisert handsaming.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
DIGITALISERING FOR INNOVASJON OG AUKA PRODUKTIVITET

Samordna innkjøp av lisensar fagsystem geodata

Felles lisens/samordna innkjøp av programvare gjennom SSIKT. Når kvar kommune skal kjøpe inn etter innbyggartal, så vert dette samla dyrare enn om SSIKT er lisenseigar.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
DIGITALISERING FOR INNOVASJON OG AUKA PRODUKTIVITET

Formelt samarbeid om karttenester

Moglege samarbeidsområder for alle dei ulike kartoppgåver som ligg til teknisk sektor, herunder generell ajourføring av FKB-data, planbaser, VA-nett, temakart, analyser, system og applikasjonsadministrering må utredast.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
STYRKA DIGITAL KOMPETANSE OG DELTAKING
DIGITALISERING FOR INNOVASJON OG AUKA PRODUKTIVITET

Min eigedom (komtek)

Med sjølvbeteningsløysinga Min Eigedom, kan innbyggarane sjølv sjå og kontrollere deira eigedomsdata herunder kommunale avgifter, planstatus, matrikkeldata med meir.



MÅLGRUPPE → INNBYGGARAR



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
DIGITALISERING FOR INNOVASJON OG AUKA PRODUKTIVITET
BRUKAREN I SENTRUM

eByggesak

eByggeSak skal bidra til å effektivisere byggesakshandsaminga og samtidig bidra til å gjere sakshandsaminga meir standardisert.



MÅLGRUPPE → TILSETTE OG INNBYGGARAR



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
DIGITALISERING FOR INNOVASJON OG AUKA PRODUKTIVITET
BRUKAREN I SENTRUM

App for tilsynssakar

Det er behov for digital støtte i i tilsynssakar. Løysingane må inneholde sjekklister, regelverk etc vere tilgjengeleg i felt.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
DIGITALISERING FOR INNOVASJON OG AUKA PRODUKTIVITET

Integrasjon sak/arkiv og kart

Utan integrasjon mellom sak/arkiv og kart-løysingane vert det mykje manuelt arbeid. Ein integrasjon vil kunne lette arbeidet innanfor plan, byggesak og oppmåling.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE
BRUKAREN I SENTRUM

Digitale gardsarkiv

Usam voleseque quae expliat ectatus ius elescitae re est, officimusame pro con et haribus, verecerfere praerovit, quiaepe rfersped ma idempor antempor maximagnia verit mo es aliqua dit qui dus.



MÅLGRUPPE → TILSETTE



DIGITALISERINGSSTRATEGI →
INFORMASJONSTRYGGLEIK, PERSONVERN OG DOKUMENTFORVALTNING

PS 31/18 Orienteringssaker

OS 31/18 Orientering frå Temakomiteé for kulturbygging

Fra: Vidar Hoviskeland[vidar.hoviskeland@gmail.com] Sendt: 14.05.2018 14:25:48 Til: Hornindal kommune;
Postmottak Volda Tittel: Nye Volda kommune og LNK
Ordfører/rådmann

Gode dykk

Som de kjenner til er både Volda og Hornindal med i LNK, og har vore det sidan oppstarten i 1993. Eg håpar sjølvstekt at også den komande samanslåtte kommunen ønskjer å vera medlem i organisasjonen.

Men korleis bør dette gjerast formelt? Er det nok at fellesnemnda tek ei sjefsavgjerd, eller ønskjer de at eg kjem på eit møte i fellesnemnda/AU og informerer om korleis LNK arbeider, kva me arbeider med og korleis den nye kommunen kan få mest mogleg ut av medlemskapet?

Vennleg helsing
Vidar Hoviskeland
dagleg leiar i LNK

--

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)

E-post: post@LNK.no

tlf.: 0047 90 50 66 17

Postadresse: Pb 7044 St.Olavs plass, 0130 OSLO

Kontoradresse: Pilestredet 8, OSLO

www.LNK.no

Org. nr. 9743 39943



Unio



Til ordførere, rådmenn og tillitsvalgte

Deres ref

Vår ref

15/2578-173

Dato

30. mai 2018

Informasjon om høstens workshops i samarbeidsprosjektet Digital kompetanse i kommunene

På oppstartkonferansen 5. mars og i det første brevet sendt til deltakerkommunene i november 2017 ble det informert om at det skal gjennomføres to runder med workshops, i tillegg til oppstartkonferansen og avslutningskonferanse.

Datoer og sted for høstens workshops er nå satt, og vi ber dere om å merke dere dato og sted for samlingen.

Oversikt over workshops:

- Østlandet: Scandic Drammen Ambassadeur: mandag 8. - tirsdag 9. oktober
- Vestlandet: Gloppen Hotell, Sandane: mandag 22. - tirsdag 23. oktober
- Sør-Norge: Clarion Air Hotel, Sola: mandag 5. - tirsdag 6. november
- Trøndelag: Scandic Nidelven, Trondheim: torsdag 8. - fredag 9. november
- Nord-Norge: Scandic Ishavshotellet, Tromsø: mandag 12. - tirsdag 13. november

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelingen

Saksbehandler
Ina Kathrine Ruud
22 24 68 68

For nærmere informasjon om hvilke kommuner som deltar på hver enkelt samling og antall deltakere, se vedlegg. Inkludert er deltakeravgift og middag. Kommunene må selv dekke reise og overnatting.

Målgruppen for workshopene er folkevalgte, ledere og tillitsvalgte i kommunene. Det forventes at deltakerkommunene representeres med en slik sammensetning.

Tema for høstens workshops: *Hva betyr det at framtiden er digital i vår kommune?*

Det vil bli faglige innlegg, erfaringsutveksling og god tid til arbeid med egne prosjekter og tiltak.

Mer informasjon om påmelding, program og forberedelser blir sendt til kommunens kontaktperson før sommerferien. Arrangør av samlingene er KS.

Nettside

Nettsiden www.komdigi.no ble presentert på oppstartkonferansen 5. mars. Der finnes nyttig informasjon om relevante temaer i prosjektet, og vi oppfordrer dere til å besøke nettsiden. Nettsiden blir et verktøy i forberedelsene til workshopene.

Om prosjektet

Vi minner om at målet med prosjektet og samlingene er å tilby kunnskap og arenaer for lokalt utviklingsarbeid innenfor temaet digitalisering og kompetanseutvikling. Deltakerne skal få økt kunnskap, innsikt og forståelse for den organisasjonsutvikling og omstilling som følger av digitaliseringsarbeid. Partene legger vekt på lokale løsninger og kommunal forankring av arbeidet med digitalisering og kompetanse, og at folkevalgte, ledere og tillitsvalgte/medarbeiderne skal delta i arbeidet.

Kontaktperson

Videre informasjon om workshops og forberedelser vil i hovedsak skje på e-post til kontaktpersonen, som de fleste har oppgitt i forbindelse med oppstart av prosjektet. Det er fortsatt noen som ikke har oppgitt kontaktperson, og vi ber de det gjelder om å sende kontaktinformasjon til LNG@ks.no.

Vi ser frem til videre kontakt og til høstens workshop.

Med hilsen

Mari Jacobsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Ina Kathrine Ruud
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Vedlegg

Østlandet: Scandic Drammen Ambassadeur, 8. oktober til 9. oktober

Deltakerkommuner:	Antall deltakere på workshops
Nittedal	Inntil 7 personer
Nordre Follo (Oppegård og Ski)	Inntil 5 personer
Lier	Inntil 5 personer
Nordre Land	Inntil 5 personer
Hole	Inntil 5 personer
Gran	Inntil 5 personer
Indre Østfold (Askim, Eidsberg, Hobøl, Spydeberg og Trøgstad)	Inntil 15 personer
Larvik	Inntil 5 personer

Vestlandet: Gloppen Hotell, Sandane, 22. oktober til 23. oktober

Deltakerkommuner:	Antall deltakere på workshops
Gloppen	Inntil 5 personer
Volda (Ny kommune med Hornindal fra 2020)	Inntil 7 personer
Indre Sunnfjord (Jølster, Førde, Naustdal og Gaular)	Inntil 12 personer
Stryn	Inntil 5 personer
Luster	Inntil 5 personer
Sogndal (slås sammen med Leikanger og Balestrand)	Inntil 9 personer
Eid (ny kommune med Selje)	Inntil 7 personer
Askvoll	Inntil 5 personer

Sør-Norge: Clarion Air Hotel, Sola, 5. november til 6. november

Deltakerkommuner:	Antall deltakere på workshops
Fyresdal	Inntil 5 personer
Nye Lyngdal (Lyngdal og Audnedal)	Inntil 7 personer
Nye Lindesnes (Lindesnes, Marnardal og Mandal)	Inntil 9 personer
Time	Inntil 5 personer
Hå	Inntil 5 personer
Hjelmeland	Inntil 5 personer

Gjesdal	Inntil 5 personer
Sandnes	Inntil 5 personer

Trøndelag: Scandic Nidelven, Trondheim, 8. november til 9. november

Deltakerkommuner:	Antall deltakere på workshops
Nye Namsos (Namsos, Fosnes, Namdalseid)	Inntil 9 personer
Holtålen	Inntil 5 personer
Fosen (Bjugn, Ørland, Rissa, Leksvik, Roan, Åfjord og Osen)	Inntil 10 personer
Levanger	Inntil 5 personer
Os	Inntil 5 personer
Røros	Inntil 5 personer
Ringebu	Inntil 5 personer
Nord-Fron	Inntil 5 personer

Nord-Norge: Scandic Ishavshotellet, Tromsø, 12. november til 13. november

Deltakerkommuner:	Antall deltakere på workshops
Narvik (ny kommune med Ballangen og Tysfjord)	Inntil 9 personer
Lyngen	Inntil 5 personer
Porsanger	Inntil 5 personer
Tromsø	Inntil 5 personer
Hattfjelldal	Inntil 5 personer
Bardu	Inntil 5 personer
Senja (sammenslåing av Berg, Lenvik, Torsken og Tranøy)	Inntil 12 personer
Harstad	Inntil 5 personer